

# REKNESKAPSÅRET 2020



## Rådet si årsmelding 2020

### - Årsrekneskap

*Alden hamneområde er eit samarbeidsprosjekt mellom kyst- og fjordkommunar i Ytre Sogn og Sunnfjord; Askvoll, Fjaler, Kinn (sør for Bremanger), Hyllestad og Sunnfjord.*

*Alden hamneområde.*

Alden hamneområde har fungert som eit §27 samarbeid i ni år. Både ny kommunelov, ny hamne- og farvasslov og ny kommunereform gjer at Alden hamneområde fekk ei ny form og innhald i 2020, og nye vedtekter for samarbeidet er vedtatt i alle medlemskommunane. Samarbeidet starta 01.01.2012, og sju kommunar har vert med heile vegen; Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Hyllestad og Naustdal kommune.

Frå 01.01.2020 gir nye kommunegrenser følgjande medlemskommunar i Alden hamneområde:

- Askvoll
- Fjaler
- Hyllestad
- Kinn (farvatnet sør for Bremanger)
- Sunnfjord.

Hamne- og farvasslova set heile tida strenge rammer på kva farvassavgifta kan nyttast til. Den skal i sin heilheit nyttast til å trygge sjøområda, og det skal totalt sett resultere i eit nullrekneskap over ein tre til fem års periode. Frå 01.01.2020 vart ei ny hamne- og farvasslov gjeldande. Der skifta anløpsavgifta namn til farvassavgift, og kommunane kan ikkje lenger nytte denne til utmudring/utbetringar i sjø. Årsaka er at denne oppgåva i si heilheit er flytta til staten (Kystverket). Alden hamneområde har satt av midlar til slike prosjekt, og Askvoll kommune vart løvd midlar til utdjuving i Bulandet. Då dette prosjektet vart forseinka og ikkje kom i gang før etter 01.01.2020 kan ein ikkje lenger nytte oppsparte midlar til dette arbeidet, og løyvinga vart trekt tilbake. Ein har difor større fond ved årsskiftet i Alden hamneområde enn det som opprinneleg vart planlagt for. Eit av tiltaka var at ein i 2020 satt ned farvassavgifta med 25%. Det vart igjen redusert i sommaren 2020, og ligg no på ein jamt lågt nivå, slik at ein driv med underskot for å ta av fonda.

Akkumulert resultat for §27-samarbeidet var pr 31.12.2020 kr 5 377 160. Meirforbruket i 2020 enda på kr 1 198 826 og er finansiert ved bruk av bundne driftsfond.

Florø hamn KF tek sakshandsaming etter «Lov om Hamner og Farvatn» for kommunane som er med i samarbeidet. Samarbeidet har fungert godt og det har vore to rådsmøter i 2020. Samarbeidet vert leia av eit råd satt saman av ein representant frå kvar deltakande kommune. Styreleiar i Florø hamn KF, Vidar Grønnevik, er valt som leiar for rådet. Hovudkontaktperson i Flora hamn KF er hamnesjef Linda Mortensen Midtbø. Dedisert person for merkeplan/tiltaksplan er senior hamneinspektør Tore Hovden.

Det er i 2021 planlagt ei evaluering av samarbeidet, i tråd med at ein har eit års erfaring med den nye samarbeidsforma.

### **Antall kaibesøk pr kommune i Alden hamneområde 2020 (2019 i parentes):**

Kinn kommune, sør for Bremanger, u/lokale rutebåtar	8 763 kaibesøk (7 401)
Sunnfjord kommune	227 kaibesøk (230)
Askvoll kommune u/lokale rutebåtar	785 kaibesøk (779)
Fjaler kommune	349 kaibesøk (333)
Hyllestad kommune	4 166 kaibesøk* (1 739)
<b>Totalt:</b>	<b>14 290 kaibesøk (10 430)</b>

*\*Rutebåtar som anløper Rysjedalsvika i Hyllestad vart tidlegare rekna med kun eit kaibesøk pr døgn. Dette gjeld ferja Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella og hurtigbåt mellom Bergen-Sogn og Bergen-Nordfjord. No er dette endra til å registrere alle kaibesøk.*

### **Økonomiske resultat 2020**

Omsetning i Alden hamneområde 2020:	Kr 3 079 205
Netto driftsresultat 2020:	Kr -1 198 826
Akkumulert resultat for §27 samarbeidet pr. 31.12.2020	Kr 5 377 160

Driftsresultatet kan berre nyttast til å finansiere prosjekt knytt til tryggleik i hamneområdet.

"Grønare hamn" er eit miljøprosjekt som er vedtatt av kommunestyret i alle kommunane som deltek i §27 samarbeidet. Prosjektet gir inntil 40% rabatt på farvassavgifta på fartøy som har ein høg ESI-score (eit internasjonalt system som definerer kor miljøvennleg eit fartøy er) i 2020. Dette rabattsystemet vert vidareført i 2021.

## Rådet for Alden hamneområde

Florø/videomøte 15. april 2021.

---

Vidar Grønnevik

Rådsleiar

---

Gaute Lundeland

Rådsmedlem

---

For Sunnfjord

kommune

Rådsmedlem

---

Fritz Hugøy

Rådsmedlem

---

Oddgeir Lammetun

Rådsmedlem